

Årsmøte i Lidar Vel 02.04.2015

Tid og stad: 02.04.2015 kl 18:00 på Sota Sæter
Frammøte: 42 personar

Sak 1: Godkjenning av innkalling

Godkjent

Sak 2: Valg av møteleiar og skrivar

Møteleiar: Stig Erlend Banken

Skrivar: Peder Sperstad

Sak 3: Valg av to personar til å skrive under protokollen

Per Bjarne Forberg og Solveig Flatmo

Sak 4: Godkjenning av årsberetning og regnskap

Godkjent

Sak 5: Valg 3 styremedlemmar og 1 medlem av valgkomitéen

Ingvar Kringlehaugen og Mette Fjerdingby er ikkje på valg. Thorstein Åmodt og Stig Erlend Banken tek gjenvalg.

Peder Sperstad går ut. Nytt styremedlem er Sæbjørn Forberg.

Per Bjarne Forberg tek eit år til i valgkomitéen, medan Ove Jon Plassen går ut. Jon Morken blir nytt medlem i valgkomitéen.

Per Rasumssen og Ingulf Brandsarbakken er revisorar eit år til.

Sak 6: Tidspunkt for årsmøte 2016

Det er fleirtal for at årsmøtet blir same tid neste påske, altså skjærtorsdag 24.03.2016 kl 18:00.

Sak 7: Informasjon om Sotvegen

Skjåk kommune har gjort vedtak om at vegen skal avhendast. Det har vore to møter i etterkant av dette vedtaket mellom kommunen/Vegselskapet, Lidar Vel, setereigarar, Skjåk Almenning og DNT for å diskutere vidare framdrift. På kort sikt i vår vil det bli utarbeida ein kravspesifikasjon for utbetring av vegen og innhenting av priser. Hovudmålet vil vere ein opprusta veg av god kvalitet før en eventuell omlegging av drift og ansvarsforholdet til vegen.

Sak 8: Prosjekt sitteplasser Mysubytta - Liavatnet

Det vart innsendt søknad til Nasjonalparkstyre for oppsetting av gapahuk ved Geitsetra og benker/bord ved Mysubyttevegen/Liavatnet. Vi fekk tildelt 50 000 og dette må oppførast i løpet av 3 år. For å få gjennomført eit slik prosjekt, er vi avhengig av ein del dugnadsinnsats, og vi håper her på engasjement blant våre medlemmer.

Sak 9: Eventuelt

Fire saker vart tatt opp under «eventuelt»:

1.Lidar Vel har ikkje hatt vedtekter fram til no. Bør vi ikkje få vedtekter i Lidar Vel?

Styrets forslag: Styret utarbeider eit forslag til vedtekter i løpet av 2015, og dette forslaget blir lagt ut på høyring til medlemmene på heimesida i byrjinga av 2016. Så blir det endelige forslaget lagt fram for årsmøtet 2016.

Styrets forslaget vart vedteke.

2.Bør ikkje Lidar Vel vedta årskontigent ved kvart årsmøte.

Forslag: Dei nye vedtektena som skal utarbeidast vil ta for seg spørsmålet om årskontigenten.

Dette forslaget vart vedteke.

3.Den eine scooteren er moden for utskifting.

Styret kjem til å vurdere innkjøp av ny scooter og ny sporlegger.

4.Heider til løypekjørerar

Våre tre løypekjørerar har laget flotte spor på dugnadsinnsats siden 2001 for Lidar vel og somme i mange år før der igjen. Vi kan regne med at det blitt brukt opp mot 2000 timer i dugnadsinnsats i løpet av disse åra.

Lidar Vel ga under årsmøtede desse følgende påskjønning/gavesjekk:

Kjell Mork: Kr 4000.-


Thorstein Åmodt: Kr 4000.-

Pål Mork: Kr 6000

Lidar Vel takker desse for eineståande innsats gjennom alle år!!

Møtet vart avslutta med smakfull servering frå Sota Sæter

Underskrift


Per Bjarne Forberg


Solveig Flatmo